

Kulturprisvinnar

2000

Brattvåg Idrettslag



Kulturprisen vart delt ut på klubbhuset til idrettslaget. Der var stort frammøte av rotarymedlemar og og representantar frå dei aktive i idrettslaget.

Presidenten i Brattvåg Rotary, Jan Albert Huse, ynskte alle velkomne til den høgtidlege tildelinga. I talen sin sa han at i statuttane for kulturprisen står det at prisen kan delast ut til enkeltpersonar eller lag for samfunnsnyttig arbeid innan det utvida kulturbegrepet. I talen sa presidenten at idrettslaget har gjennom ei årrekke, utøvd ein viktig funksjon i bygda for å engasjere ungdom i positive aktivitetar. Idrettslaget bidrar elles med aktivitetar som kjem heile bygda yil gode og laget er ein aktiv bidragsytar til positivt oppvekstmiljø.

Det er primært som fotballklubb Brattvåg Idrettslag har markert seg og laget har ein svært viktig funksjon for å engasjere ungdom til positiv aktivitet. Sjølvom fotball alltid vil vere den store idretten i laget, er ei alpingruppe det siste tilskot til dei mange aktivitetar laget har. Forutan dei mange fotballaga, frå minikjøtt til seniorfotball 3. divisjonsnivå, har dei ei svært aktiv trimgruppe. I tillegg har laget Kulturprisen vart delt ut på klubbhuset til idrettslaget. Der var stort frammøte av rotarymedlemar og og representantar frå dei aktive i idrettslaget.

Presidenten i Brattvåg Rotary, Jan Albert Huse, ynskte alle velkomne til den høgtidlege tildelinga. I talen sin sa han at i statuttane for kulturprisen står det at prisen kan delast ut til enkeltpersonar eller lag for samfunnsnyttig arbeid innan det utvida kulturbegrepet. I talen sa presidenten at idrettslaget har gjennom ei årrekke, utøvd ein viktig funksjon i bygda for å engasjere ungdom i positive aktivitetar. Idrettslaget bidrar elles med aktivitetar som kjem heile bygda yil gode og laget er ein aktiv bidragsytar til positivt oppvekstmiljø.

Det er primært som fotballklubb Brattvåg Idrettslag har markert seg og laget har ein svært viktig funksjon for å engasjere ungdom til positiv aktivitet. Sjølvom fotball alltid vil vere den store idretten i laget, er ei alpingruppe det siste tilskot til dei mange aktivitetar laget har. Forutan dei mange fotballaga, frå miniknøtt til seniorfotball 3. divisjonsnivå, har dei ei svært aktiv trimgruppe. I tillegg har laget aktivitetar som på ulike måtar kjem mange fleire til gode, til dømes Myldredagane og jonsokfeiring.

Han overrekte heidersbeviset for kulturprisen saman med sjekken på 10000 kroner til leiaren for idrettslaget, Ove Finnes.

Ove Finnes takka for prisen, som han såg på som ein anerkjenning av det arbeidet som blir utført av store og små idrettslag. Klubben har over 600 medlemar og av desse er 150 tillitsvalde. Noko som også krev engasjement og innsats frå mange i lokalmiljøet. Kulturprisen er ei viktig inspirasjonskjelde for det vidare arbeid i klubben.

Klubbmeister Bjørn Sandnes batt det heile fint saman med mellom anna muntre historier frå livet i idrettslaget, som for øvrig skal feire 60-årsjubileum seinare i år.